

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 17.08.2015
SAKSHANDSAMAR: Bård Humberset
SAKA GJELD: **Internrevisjonsrapport om bierverv**

ARKIVSAK: 2015/1411
STYRESAK: **085/15**

STYREMØTE: **10.11. 2015 (Utsatt sak)**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

Kommentarar

Formålet med internrevisjonsprosjektet har vore å undersøke i kva grad helseføretaka i Helse Vest følg regelverk om bierverv.

Revisjonen har omfatta Helse Vest RHF, Helse Bergen HF, Helse Stavanger HF, Helse Fonna HF og Helse Førde HF. Metodisk er det nytta dokumentanalyse av relevant dokumentasjon frå helseføretaka og gjennomført intervju med leiarar, andre tilsette og føretakstillitsvalde. I samband med internrevisjonen er det også gjort ein gjennomgang av registrerte bierverv.

Hovudkonklusjon er at Helse Vest har retningslinjer og system for praktisering av regelverk for bierverv, men intensjonen om å ha eit system for registrering av bierverv som sikrar ei fullstendig, gjennomsiiktig og lik behandling av bierverv er ikkje realisert.

Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling 17. juni 2015. Dette blei notert (protokollen er førebels ikkje godkjent):

Oppsummering:

Gunnar Hoff frå Deloitte presenterte rapporten på vegne av internrevisjonen, og svarte på spørsmål frå revisjonsutvalet. Utvalet merkte seg særleg at ein her ser ut til å ha gode retningslinjer, men at der er manglar i praktiseringa av dei. Oversikten over verv er ikkje god nok og det synest å vere ein kraftig underrapportering av verv.

I lys av det sterke trykk det har vore på dette gjennom mange år, og kor sensitivt bierverv kan vere, ser utvalet med uro på det som er kome fram i rapporten frå internrevisjonen.

I administrasjonen sitt oppfølgingsarbeid vil revisjonsutvalet meine at det kan vere naturleg å vurdere om bierverv bør inn som tema i medarbeidarsamtaler i føretaksgruppa.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

Konklusjon

Internrevisjonen vil gi ei tilbakemelding til revisjonsutvalet når det er gått ei tid, om oppfølginga i HF-a og RHF-et. Det vil venteleg skje våren 2016. Ei tilbakemelding til styret vil òg bli gitt på høveleg vis.

Vedlegg:

Internrevisjonsrapport om Bierverv